



Notat

Dato: 22.12.2014
Arkivsak: 2014/24765-1
Saksbehandlar: ROABREI

Til: Fylkesrådmannen

Frå: Roald Breistein

Oppfølging av forvaltningsrevisjon av personalforvaltninga i Hordaland fylkeskommune

Kontrollutvalet skal m.a. sjå til at fylkestinget sine vedtak i tilknytning til handsaminga av rapportar om forvaltningsrevisjon vert følgd opp, jf. Forskrift om kontrollutvalg § 12.

I samband med melding 73/13, «Forvaltningsrevisjon av personalforvaltninga i Hordaland fylkeskommune – Oppfølging med handlingsplan», gjorde kontrollutvalet slikt vedtak i møte 18.12.13:

«Kontrollutvalet vil følge opp denne forvaltningsrevisjonen vidare ved utgangen av 2014.»

På bakgrunn av dette ber vi om å få tilsendt status for alle tiltaka som ligg i handlingsplanen for forvaltningsrevisjon av personalforvaltninga i Hordaland fylkeskommune.

Det er eit siktemål at svaret skal leggjast fram for kontrollutvalet i møte 16.2.2015. Vi ber difor om skriftleg tilbakemelding hit innan 30.1.2015.